



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Byggteknikk Valdres AS
Hovrudvegen 322
2920 Leira

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

SKOFAR - 26/8265

Arkiv:

27/135, L42

Vår dato:

30.06.2026

Saksnr.	Utval
182/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
167/26	Kommunestyret

Tillatelse til tiltak - 27/135 Robølsvegen 57 - Tilbygg overbygg lagerplass

Tiltak: Tilbygg overbygg lagerplass

Byggjestad: Gbnr: 27/135

Tiltakshavar: Bakke Maskinservice AS

Robølsvegen 57

2940 Heggenes

Ansvarleg søkjar: Byggteknikk Valdres AS

Hovrudvegen 322

2920 Leira

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3, jf. §20-1, samt kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/leiar av næring, plan og byggesak oppføring av to tilbygg til næringsbygg på gnr. 27, bnr. 135, Robølsvegen 57, i samsvar med søknad og innsendte teikningar.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Avfall frå byggearbeidet skal leverast til godkjent mottak.
2. Alt byggearbeid skal utførast i samsvar med relevante krav i plan- og bygningslova og teknisk forskrift, samt reguleringsplan med føresegner for området.
3. Bygget vil ikkje bli tillate teke i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest. Mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreset at alle formelle krav knytt til byggeløyvet er oppfylt.

Saksopplysningar

Byggteknikk Valdres AS har på vegne av tiltakshavar søkt om oppføring av to tilbygg (tak over lagerplass) på eksisterande lagerhall.

Nytt BYA for tilbygga er 148 m².

Tiltaket er nabovarsla og det ligg føre skriftleg samtykke frå eigar av gnr. 27, bnr. 149. Øystre Slidre kommune er eigar av gnr. 27, bnr.129.

Vurdering

Eigedomen er regulert av *Reguleringsplan for Raubrøtmoen industriområde II*. Tiltaket er i tråd med reguleringsføremålet.

Eigedomens areal er på 4365 m². Ny BYA inkludert tilbygga blir 1 254m². Samla %BYA blir 28,7%BYA. Tillat utnytting for eigedomen er 40% BYA.

Tiltaket er nabovarsla. Det er ingen merknader til søknaden. Tilbygga er fire meter frå nabogrenser.

Tiltaket er ikkje varsla Arbeidstilsynet, då tiltaket ikkje vil råke eksisterande eller nye arbeidsplassar.

Tiltaket er vurdert til å vere i tråd med gjeldande føresegn.

Erklærte ansvar i tiltaket jf. pbl §§20-3, 23-1 og 23-3

Føretak	Funksjon	Datert	Tilta kskl	Journaldato
Byggteknikk Valdres AS (979 140 606)	SØK PRO Ansvar iht. søknad	26.05.2026	1	27.05.2026
Beitostølen Maskin og Transport AS (985 341 737)	UTF Ansvar iht. søknad	26.05.2026	1	27.05.2026

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar med journaldato 27.05.2026.

Gebyr

For handsaming av søknaden er det eit gebyr på kr. 4 996 jf. kommunens gebyrregulativ § 3.1.7.1 pbl.§§20-1, 20-2, 20-3. <https://www.oystre-slidre.kommune.no/f/p1/i74dc1b64-d73f-4f4b-b793-317b2f01e69c/byggesaker.pdf>

Faktura blir sendt tiltakshavar.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. I tilfelle tilsyn eller kontroll, skal dette løyvet alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.
2. Det blir lagt til grunn at alle relevante funksjoner og ansvarsområde i tiltaket er dekkja med nødvendig ansvarsrett jf. pbl §23-3.
3. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.

4. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl § 21-10.
5. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
6. Det må utførast intern kvalitetssikring slik at tiltaket ikkje strid mot føresegn gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven.
7. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Frank Skoglund
Saksbehandler bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

Mottakar			
Bakke Maskinservice AS	Hovrudvegen 322	2920	Leira